



Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	011	20/03067-23	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
68/21	Møre bispedømmeråd 2020-2023	26.11.2021

## Ny kyrkjeleg organisering - høyringsfråsegn

### Vedlegg:

høringsnotat til kyrkjelege instansar nynorsk

### Saksorientering

Møre bispedømmeråd er høyringsinstans i sak om ny kyrkjeleg organisering. Saka har vore presentert for bispedømmerådet ved fleire høve og rådet hadde 1. gongs handsaming av saka i bdr-sak 61/21.

Høyringsfråsegna, slik ho er presentert i saksframlegget, er basert på tidlegare handsaming i rådet, på utalar, innspel og kommentarar frå kurskveldane med sokneråda/felleråda, inntrykk frå fagdag med kyrkjevevjer og prostar, samråding med daglege leiarar i regionråda og moment frå presentasjonen på stiftsdagane for Møre bispedømme. I tillegg har prostane fått høve til å kommentere saka.

Rapporten frå Møller-Nilsen-utvalet ligg til grunn for høyringa. Utvalet har greidd ut prostifellesrådet som «nav» i den kyrkjelege organiseringa. Mange har sterke meiningar om synspunkta i utvalet sin rapport, og rapporten har gitt innhald til mange samtalar, lesarinnlegg og reaksjonar.

Når administrasjonen no presenterer framlegg til høyringsuttale, så byggjer denne på inntrykk og observasjonar frå dei over nemnde møtearenaer, frå administrasjonen sine eigne vurderingar og frå dei signal som bispedømmerådet gav i 1. gongs handsaming av saka.

Difor legg fråsegna til grunn at Møre bispedømmeråd ønskjer **ei arbeidsgivarlinje** i Den norske kyrkja.

Vidare knyter nokre viktige kriterier for framlegg til høyringsfråsegn seg til erkjenninga av **Møre bispedømme sine særlege føresetnader** knytt til kultur, kyrkjeleg identitet, demografi og geografi. I tillegg legg framlegget til grunn at ny kyrkjeleg organisering skal kvile på **samvirke mellom kyrkjelege råd og kyrkja sitt grunnlag (CA5)**. For det tredje er utkastet forankra i det demokratiske prinsippet om at dei **kyrkjelege råd er likeverdige**, uavhengig om soknet/bispedømet er stort eller lite. Til sist byggjer framlegget til høyringsfråsegn på ønskje om at ny kyrkjeleg organisering **må reflektere tydeleg forståing av tilhøvet mellom tilsyn og arbeidsgivar**.

Bispedømmerådet sin høyringsuttale skal sendast inn elektronisk. Under står dei aktuelle høyringsspørsmåla frå spm. 4 til spm. 48. Framlegg til høyringsuttale står i raud skrift.

Vedlagt til lesehjelp ligg «Høyringsnotat til kyrkjelege høyringsinstansar» Dette dokumentet forklarar på ein kort og skjematisk måte innhald i dei forskjellige modellane som høyringsfråsegna gir uttale om. Det gir ei god pedagogisk støtte til leseforståinga om ein har tilgang til dette dokumentet.

Fleire ressursar i samband med høyringa ligger her:

<https://kirken.no/nb-NO/bispedømmer/more/ny%20kyrkjeleg%20organisering%20-%20m%C3%B8re/>

## HØYRINGSSPØRSMÅL TIL KYRKJELEGE HØYRINGSINSTANSAR

### Del 1. Etablering av prostifellesråd og dagleg leiing

#### 1. Om etablering av prostifellesråd som arbeidsgjevarorgan

Kyrkjerådet ynskjer å få høyringsinstansane sitt synspunkt på «grepet» med å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd, der prostifellesråda vil vere arbeidsgjevar for både dagens fellesrådstilsette og kyrkjelydsprestane:

- 4 Kva er fordelar og mogelegheiter med å etablere eit felles kyrkjeleg organ på eit justert prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt? (FRITEKST)
  - Ein openberr føremon er at alle som arbeider innan prostifellesrådet har same arbeidsgivar
    - Organet vil kunne rasjonalisere, effektivisere og opne opp for enklare og meir føreseielege måtar for samhandling, for medråderett og anna partssamansett arbeid, for konflikthandtering og arbeidsleiing.
  - Ein kan ha større fridom til å gi alternativ tenestestad og til å anke/løyse problemstillingar på eit høgare nivå enn fellesrådet
  - Ein kan samordne, profesjonalisere og rasjonalisere tenester, (HR, vakansar, lønn, ikt, rekneskap, arkiv, utstyr, maskinpark o.a.) som i dag er lagt til det einskilde fellesråd

#### SAMRØYSTES

- 5 Kva er ulemper og risiko med å etablere felles kyrkjeleg organ på prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevar for alle dei som arbeider lokalt (FRITEKST)
  - Bispedømmerådet er usikker på om prostifellesråd vil realisere målbiletet om «God ressursutnyttelse» og «En folkekirke i heile landet»
    - Ein etablerer eit nytt kyrkjeleg forvaltningsnivå utan at ein har utgreidd konsekvensar for forvaltningsnivåa ein har i dag.
    - *Det er nærast uråd å forstå at innføring av nytt forvaltningsnivå, utan at eksisterande forvaltningsnivå kan fjernast, kan føre til betre ressursutnytting (Dette punktet går ut, mot 1 stemme)*
    - Det er ein fare for at det utviklar seg mange kyrkjelydar, med stadeigen kultur, forkynning, praksis, som utviklar seg til prostikyrkjer og som gjer det utfordrande og vanskeleg å snakke om ei folkekyrkje i heile landet.

- Sjølv om mange av fellesrådet sin oppgåver blir lagt til det nye organet, er det naudsynt at rådet samhandlar med den einskilde kommune med omsyn til budsjett/investering og gravplassforvaltninga.
  - Mange fellesråd har tenesteytingsavtalar med sin kommune. Det kan skape utfordringar om ein (ikkje) vidarefører desse.
- Dei aller fleste fellesråd har i dag ansvar for gravstadforvaltninga på vegne av den einskilde kommune. Oppretting av prostifellesråd vil truleg føre til at kvar kommune i aukande grad vil gå inn for at gravplassdrift er eit kommunalt ansvar.
  - Kyrkja sitt faktisk samfunnsansvar blir redusert når det blir mindre samhandling/samskaping med kommunal verksemd
  - Viktig kyrkjeleg kompetanse med omsyn til gravplassforvaltning vil gå tapt
  - Tilsette i kyrkjegardsforvaltninga kan få endra sin kyrkjelege identitet og forankring
- Lokale arbeidsplassar i kyrkja vil bli sentralisert og mindre kommunar risikerer at lokale arbeidsplassar blir borte.

### SAMRØYSTES

6 Kva tiltak kan setjast i verk for å redusere eventuelle uheldige konsekvensar ved å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd? (FRITEKST)

- Forpliktande samarbeid og faste årlege møtearenaer med den einskilde kommune i samband med budsjett og planarbeid.
- Gi tryggleik for at midlar frå den einskilde kommune faktisk går til tiltak i vedkommande kommune.
  - Redusert kommunal medråderett i prostifellesrådet, kan svekke kommunen sin finansieringsvilje
  - ved å skilje mellom adm./lønn, drift og investeringar
  - ved å opne for kommunal representasjon i fellesrådet, og ved å gi fulle medlemsrettar til kommunal representant i saker som vedkjem kommunen.
  - Kanskje aktuelt å gi kommunerepresentant medlemsstatus i saker som vedkjem den einskilde kommune.

### SAMRØYSTES

7 Andre innspel eller synspunkt på det å etablere prostifellesråd som felles arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt i kyrkja, og til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd?

- Ei hovudvurdering i denne høyringsfråsegna er at Møre bispedømmeråd er tvilande til om oppretting av prostifellesråd som det nye navet i kyrkjeleg organisering vil kunne innfri fleire utfordringar enn det skapar. Det er klart at på nokre område vil etablering av prostifellesråd skape meir dynamikk og betre løysingar enn fellesrådsstrukturen. Særleg vil prostifellesrådet bidra til at innføring av ei sams arbeidsgivarlinje kan realiserast
- Bispedømmerådet er likevel skeptisk og tvilande til om det let seg gjere å rasjonalisere og redusere talet på administrative ressursar gjennom å opprette eit nytt forvaltningsnivå. Særleg er dette utfordrande med tanke på at ein ikkje kan leggje ned samhandlingsarbeidet med den einskilde kommune. Bispedømmerådet ser for seg at oppretting av prostifellesråd likevel føreset at ein vil måtte halde på ein formell kontakt med kommunen for dialog og samhandling.

- Bispedømmerådet trur også at oppretting av eit prostifellesråd vil svekke soknet og føre til sentralisering av oppgåver og leing til prostifellesrådet.
- Utfordringar knytt til demokratisk representasjon i prostifellesrådet når det er mange sokn, og ved fleire kommunar, talar også mot etablering av prostifellesråd.
- Bispedømmerådet si vurdering er vidare at prostifellesrådet vil føre til ei svekking av bispedømmet (biskop og bispedømmeråd) sin posisjon. Litt avhengig av korleis ein løyser utfordringane knytt til dagleg leing, ser bispedømmet ein fare for at tilsynet blir mindre viktig og at tenesta med ord og sakrament fort kan få svekka posisjon.

### SAMRØYSTES

Medlemmene i utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for arbeidsgjevarorganisering på prostinivå, og utvalet er difor delt i anbefalinga. Moment som har vore vektlagt er mellom anna kor gjennomførleg modellen er, om den er eigna til å nå målet om at kyrkja skal «henge godt saman lokalt, regionalt og nasjonalt», om den gjev auka mogelegheit for strategisk leing av kyrkja si verksemd lokalt og om den kan bidra til å nå målet om at Den norske kyrkja skal vere ein attraktiv arbeidsplass med god leing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar:

8. Kva modell for arbeidsgjevarorganisering er å anbefale? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3] Grunnlegg kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [

- Møre bispedømmeråd rår til at ein organiserer arbeidsgjevarorganiseringa etter linjene i modell 2, der alle er kyrkjeleg tilsette i rDnk. Tilsetjingsansvaret kan delegerast til prostinivået, medan arbeidsrettelege utfordringar lyt finne si løysing på nasjonalt/regionalt nivå. På denne måten kan alle tilsette oppleve at dei er tilsette i den norske kyrkja, medan ein likevel kan kjenne lokal forankring og kollegialitet med alle andre tilsette i ulike stabar.
- Modellen sikrar
  - At biskopen har godt grunnlag for å leie den kyrkjefaglege verksemda
  - Opnar for at bispedømmerådet framleis kan tilsetje prostar
  - Opnar for at kyrkja kan vurdere strategisk nivå for ulike spesialistkompetanse (t.d., arkiv/forvaltning av kyrkjer/gravstad, ikt, HR-funksjonar, kompetanseutvikling, vegleing o.a.)
  - Gjer det lettare å implementere og samordne nasjonale strategiar, planar, satsing- og fokusområder

### VEDTATT MOT 1 RØYST

9. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis tilsetjingar bør gå føre seg?

- Dersom prostifellesrådet er tilsetjingsorgan, lyt tilsetjingsorganet ha representasjon frå soknet der det skal tilsetjast medarbeidar. I tillegg må biskopen (tilsynet) ha medlemstatus i tilsetjingsorganet, representert ved prosten, særleg når det skjer tilsetjing i vigsla stillingskategoriar (prest, kateket, kantor, diakon).

### SAMRØYSTES

10. I dagens modell er det to arbeidsgjevarlinjer og Kyrkjemøtet har vedteke mål om ei felles arbeidsgjevarlinje. Kyrkerådet ynskjer å høyre følgjande:

- a. Finst det ein betre modell for å nå målet om ei arbeidsgjevarlinje enn forslaga som er presentert i denne høyringa? I så fall, grunnlegg og skildre dette [fritekst]

- Bispedømmerådet trur at det er vesentleg at soknet sitt sjølvstende som rettssubjekt blir vidareført og styrka. Det er ikkje fellesrådet, eller prostifellesrådet som er kyrkja sitt nav, det er soknet som er grunneining og sentrum i kyrkja. Kyrkjeleg organisering må ha dette som føresetnad og utgangspunkt for vidare organisering. Soknet (evt. samarbeidande sokn) må ha dagleg leiar, og innan kvar kommune lyt det vere ressursar (kyrkjeverje?) som samhandlar med kommune og som samordnar verksemda på vegne av sokna. (Sjå spm. 7, kulepunkt 2)
- Dette høyringsorganet trur at arbeidsgivaroppdraget kan løysast endå betre om alle var tilsette i rDNK, der bispedømmerådet etter delegasjon tilset i dei vigsla stillingskategoriane, og der, også etter delegasjon, lokal tilsetjing og dagleg leiing blir lagt til høveleg organ i prostiet. (evt. på fellesrådsnivå eller soknenivå, alt etter kva som passar lokalt).
- Møre bispedømmeråd vurderer at ein kan rasjonalisere og effektivisere ved å leggje arbeidsgivaransvar og ansvar for fellestenester til bispedømmenivået. Ein ser stor rasjonaliseringsgevinst og effektiviseringsgevinst ved å samhandle på områder som lønn, personal og HR-arbeid, medråderett, AMU-området, rekneskap, ikt-løysingar og arkiv.
  - Bispedømmerådet er uroa over at innføring av prostifellesråd kan føre til ein svekka kommunal finansieringsvilje til kyrkjeleg sektor. Sjølv om ein kan sjå for seg tiltak som kan sikre god kontakt med kommunane, vil ein ikkje innføring av prostifellesråd eliminere denne risikoen.
  - Høyringsorganet trur ikkje det rett å halde fast ved gjeldande ordning der fellesrådet er nav i kyrkja sin organisasjon. Bispedømmerådet trur likevel at nokre samordnande oppgåver på vegne av sokna og på vegne av kommunane best kan løysast ved å vidareføre ei samhandling på dette nivået, men tenkjer at mange av oppgåvene som i dag ligg til fellesrådet kan finne betre løysing ved at ein utvidar bispedømmerådet sine oppgåver.

#### VEDTATT MOT 1 RØYST

- a. Ønskjer de å oppretthalde dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer, med eventuelle justeringar, på tross av Kyrkjemøtet sitt vedtak om éi arbeidsgjevarlinje?
- Nei

#### SAMRØYSTES

## 2. Dagleg leiing i prostifellesrådet

11. Utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for dagleg leiing. Moment som har blitt vektlagt er mellom anna om modellen gjev auka mogelgheit for strategisk leiing av kyrkja si verksemd lokalt og om modellen bidret il målet om å vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar: Kva modell for dagleg leiing er i sum å føretrekke? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3] [Grunngje kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten)]

- Møre bispedømmeråd gir tilslutning til at modell 3 blir lagt til grunn for utøving av dagleg leiing i prostifellesrådet.
  - Eit særtrekk som skiljer kyrkjeleg organisering frå organisering av andre organisasjonar eller konsern er at kyrkjeleg leiing kviler på to pilarar. På den

- eine sida er kyrkja ein organisasjon som kan samanlikne seg med mange andre, som har demokratisk struktur og som treng leiarar som utøver leiarskap på vegne av råda. I dag har vi kyrkjerådsdirektøren som utøvande leiar for kyrkjerådet, stiftsdirektør leiar på vegne av bispedømmerådet, kyrkjevevja på vegne av fellesrådet og dagleg leiar på vegne av soknerådet.
- Den andre pilaren kyrkjeleg organisering kviler på kan vi kalle kyrkje sitt andeleg grunnlag, slik dette får uttrykk i vedkjenningskriftene. (CA 5 og 7). Denne pilaren er representert i bispedømmerådet ved at biskopen har ei sjølstendig stilling og eit eige leiarmandat som ho utøver gjennom tilsynet. Det er naudsynt at dette andeleg leiarskapet blir ført vidare i ny kyrkjeleg organisering og at det eine leiarskapet si særlege mynde blir utført i respekt for det andre og dei to pilarane samvirkar og er gjensidig avhengige av kvarandre. (fleire har brukt vekslinga mellom faglag leiing og administrativ leiing, slik vi har sett denne praktisert i helsevesenet og tildels i skulesektoren, som analoge stukturar. Til ei viss grad er stemmer analogien, men den kan berre delvis leggjast til grunn, sidan biskopen sitt mandatet frå vedkjenningskriftene/teologi er unikt for kyrkjeleg organisering.
  - Det er modell 3 som best gir plass til gjensidig leiingssamvirke mellom administrativ leiing og andeleg leiing. Møre bispedømmeråd trur at det vil styrke kyrkjeleg organisering om dette to-delte leiarskapet kjenneteiknar alle leiarnivå i kyrkja.

#### SAMRØYSTES

12. Finst det andre og betre modellar for dagleg leiing som er å føretrekke? Forklar kva og korleis den føreslegne modellen på ein betre måte svarar ut måla for arbeidet

- Nei

#### SAMRØYSTES

13. Kva nasjonale krav til kvalifikasjonar bør det bli stilt til den daglege leiaren? [Alternativ 1: Det er tilstrekkeleg at dagleg leiar er medlem og har eit engasjement for kyrkja sin bodskad / Det må bli stilt nasjonale krav i tillegg til dei som er sett opp i alternativ / Har de andre synspunkt på nasjonale krav?

- Dei fleste prostifellesråd vil ha mellom 10 og 100 tilsette. Bispedømmerådet trur at det lyt setjast høge krav til formell kompetanse innan aktuelle fagområde, og i tillegg til at dagleg leiar for prostirådet lyt vere medlem i kyrkja, lyt ho ha kjennskap til og inngåande erfaring frå kyrkjeleg arbeid. Bispedømmerådet rår til at det blir stilt nasjonale krav.
- Alt etter korleis leiarstrukturen i prostifellesrådet blir, er det viktig at kyrkjefagleg innsikt og kompetanse har plass på leiarnivå. Om modell 3 ikkje blir lagt til grunn, er det viktig at dagleg leiar har denne kompetansen, eller at kompetansen er representert i leiargruppa.

#### SAMRØYSTES

14. Müller-Nilssen-utvalet har nytta omgrepa «kyrkjevevje» og «prost», men har poengtert at desse kan få nytt innhald og nye titlar. Gjeve at innhaldet vil bli noko endra, bør desse at titlane bli vidareført i ny organisering, eller bør dei bli endra? [Titlane bør ikkje bli endra / Titlane bør bli endra / Grunnge og spesifiser eventuelt forslag].

- Møre bispedømme går inn for å vidareføre proste-tittelen i ny kyrkjeleg organisering.

- Møre bispedømmeråd går inn for å kalle den nye stillinga som adm.leiar for prostirådet for «kyrkjevevje», omgrepet er brukt sidan 1100-tallet, eller «dagleg leiar for X prosti»
- Alternativt rår rådet til at tittelen kyrkjevevje blir vidareført på kommunenivå, då denne tittelen koplar kyrkja til kommunane, både som eit kommunalt ombod, og som kyrkjeleg leiar på kommunenivå etter innføring av fellesråd (frå 1996). Kyrkjevevja kan også vere den ressursen som leier det samhandlande arbeidet samhandlar med kommunane på vegne av soknet (samarbeidande sokn).

SAMRØYSTES

## **Del 2. Oppgåver og ansvar på dei ulike nivåa**

### **3. Biskopen si rolle**

15. Gjeve at arbeidsgjevaroppgåvene vert samla i prostifellesrådet, kva bør bli gjort for å styrke biskopen sitt tilsynsansvar overfor sokn, tilsette og råd?

- Tenesteordning for biskop definerer biskopen si teneste. Eit verkemiddel som er gitt til biskopen er å kunne gi «bindande pålegg». Det er viktig at biskopen har reiskap til å utøve tilsynet med. Retten til å gi «bindande pålegg», er eit slikt verktøy. Det er naudsynt å utvikle, vidareføre og konkretisere dei verkemiddel biskopen har til rådvelde i kraft av å ha tilsyn.
- Tilsetjingsorgan og dagleg leiing lyt samhandle med biskopen og ha medvit om at brot på biskopen sitt tilsyn kan føre til arbeidsrettslege konsekvensar.
- Uavhengig av kvar arbeidsrivaransvaret blir plassert, er det viktig at kyrkja sitt andeleg grunnlag, synleg gjennom tilsynet, er representert i tilsetjingsorganet. Som tilsynet har røysterett og er representert i bispedømmerådet både som ein av medlemene og som «noko for seg sjølv» er prosten bærer av dette tilsynet i prostiet.
- Uavhengig av om tilsetjing og lokal leiing skjer i prostifellesråd eller fellesråd eller sokneråd, er det viktig at tilsynet har plass i tilsetjingsorganet.
- Visitas er eit tilsynsverkemiddel i møte med tilsette og kyrkjelydar som lyt vidareførast og utviklast.

SAMRØYSTES

Alt etter kva slags arbeidsgjevarmodell som blir valt, kva slags verkemiddel bør biskopen ha for å ivareta si leiar- og tilsynsrolle?

- Uavhengig av arbeidsgjevarmodell, er det viktig at biskopen sitt tilsyn blir vidareført i ny organisering.

SAMRØYSTES

16. Gjeve at arbeidsgjevarmodell 2 blir valgt, der dei som arbeider lokalt blir tilsett i RDNK, bør biskopen ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar, eller bør biskopen si tilsynsrolle vere frikopla frå arbeidsgjevaransvaret? [Biskopen bør ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar / Biskopen si tilsynsrolle bør bli frikopla frå biskopen sitt sjølvstendige arbeidsgjevaransvar / Grunngeving i fritekst].

- Bispedømmerådet går inn for, uavhengig av arbeidsgjevarmodell, at biskopen sin rolle som arbeidsgivar for prestane ikkje blir vidareført. Bispedømmerådet trur at det kan føre til tydelegare rolleforståing mellom dagleg leiing og tilsyn dersom arbeidsgivaroppgåva blir lagt til administrativ leiing.
- Overføring av faktisk arbeidsgivaroppgåver for prestane til administrativ leiing, vil også føre til ei felles og lik ordning for kollegaer frå ulike faggrupper i kyrkja.

- Erfaring viser til at det er vanskeleg for ulike aktørar, til tider også for dei organ som er bærer av arbeidsgivaransvar og tilsynsansvar, å ha ein trygg, ryddig og sams forståing av innhaldet i dei to ulike rollane. Bispedømmerådet trur også at eit tydlegare skilje mellom arbeidsgivarrolle og tilsynsrolle vil føre til eit betre samvirke mellom dei to leiingslinjene i kyrkja.

#### SAMRØYSTES

17. Kva slags oppgåver meiner høyringsinstansen det er viktig at biskopen tek hand om?

- På mange vis representerer tilsynet den faglege leiinga i organisasjonen og har såleis eit særleg ansvar for den kyrkjefagleg kompetanse i heile organisasjonen. Tilsynet har såleis ei oppgåve med å arrangere fagdagar, prostidagar, og andre samlingar som inviterer til kyrkjefagleg fokus. (stiftsdag, fagdagar, prostisamlingar)
- Biskopen bør også rå over ressursar til kompetanseutvikling, etterutdanning og vegleiing.
- Biskopen bør også ha ressursar til samhandlingstiltak og samskaping med offentlege instansar og eksterne organisasjonar.
- Biskopen har ein også stor oppgåve ved å samordne tilsynet med adm. leiing. Vidare har biskopen oppgåva, saman med adm. leiing og råd, å implementere kyrkjelege planar og strategiar.

#### SAMRØYSTES

18. Er høyringsinstansen einig eller ueinig i følgjande tiltak? [Heilt ueinig/litt ueining/verken eller/litt einig/heilt einig. Grunngje [Fritekst]].

I. Det må bli etablert ein tydeleg samanheng mellom biskopen, prosten og den øvrige leiinga i prostiet som legg til rette for samarbeid og samhandling innan bispedømet, gjennom faste møtepunkt gjennom året.

- Heilt samd

II. Biskopen må sikrast ein fagleg kompetent stab.

- Heilt samd

III. Biskopen må sikrast ei rolle i tilsetjings saker [Viss einig, spesifiser korleis?].

- Heilt samd
- Ved tilsetjing av prest og i vigsla stillingskategoriar, lyt biskopen/tilsynet ha påteikningsrett, evt. gi eigen innstilling, samstundes som tilsynet er representert i tilsetjingsorganet.

IV. Biskopen må kunne kalle inn alle kyrkjelege medarbeidarar til fagsamlingar og kompetansehevande tiltak

- Heilt samd

V. Det bør vere korte prostivisitasar for å sikre biskopen dei nødvendige verkemiddel til å utøve tilsynsansvaret på ein god måte.

- Heilt samd i at korte prostivisitasar kjem i tillegg til dei andre visitasane

#### SAMRØYSTES

### 4. Bispedømeråda sine oppgaver

19. Kva bør vere dei sentrale oppgåvene for bispedømerådet?



- Bispedømmerådet er og vil vere eit strategisk organ med linje til kyrkjemøte.
- Ei av hovudoppgåvene som då ligg til bispedømmerådet er å vidareføre tilskotsforvaltninga, men ein kan fort sjå for seg at denne i neste omgang kan delegerast til prostifellesrådet
- Om arbeidsgivaransvaret og tilsetjingsansvaret blir flytta frå bispedømmeråd til prostifellesråd, fell svært mykje av fundamentet av bispedømmerådet si verksemd bort. Ein kan med rette stille spørsmål om det er grunnlag for å gjennomføre direkte kyrkjeval til bispedømmerådet dersom desse vesentlege arbeidsgivaroppgåvene blir flytta til prostifellesrådet
- Bispedømmerådet har ein samordnande rolle på vegne av prostifellesråda, og samlar fellesfunksjonar og utviklar kompetanse innanfor områder som lønn, HR, arkiv og rekneskap.
- Desse oppgåvene, saman med biskopen sin kyrkjefaglege portefølgje vil utgjere Møre bispedømmekontor.

SAMRØYSTES

## 5. Oppgaver og ansvar for nytt folkevald organ – prostifellesrådet

20. Bør prostifellesrådet ha føremålsbestemming som utvalet foreslår? [Ja / Nei. Dersom nei, spesifiser kva som bør bli endra]

- Ja. Når utvalsrapporten tar til orde for at prostifellesrådet sin formålsformulering er at rådet skal «bistå» soknerådet i arbeidet med å «nære og styrke det kristelige liv» er dette ein fin understreking av at dei ulike styringsnivåa deler formålsformulering, sjølv om ein har ulike oppgaver, samansetning og identitet.

SAMRØYSTES

21. Müller-Nilssen-utvalet har brukt «prostifellesråd» som namn på nytt folkevald organ. Er dette eit godt namn, eller er det andre forslag?

- Bispedømmerådet trur ikkje at Prostifellesrådet er det beste namnet på det nye forvaltningsnivået. I for stor grad opnar det for forståinga av eit utvida fellesråd, Prostifellesrådet er noko nytt og namnet bør spegle at rådet ikkje lenger har samme forankring i kommunestrukturen som fellesrådet. Bispedømmerådet trur at namnet «Prostiråd» tar betre vare på den aukande kyrkjelege sjølvråderetten, slik denne no er forankra i ny rammelov for den norske kyrkja.

SAMRØYSTES

## 6. Oppgaver og ansvar for soknerådet

22. Bør soknerådet få eit ansvar for gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar, dvs. det ansvaret som ikkje er avgrensa av forordninga til biskopen, liturgiske bestemmingar frå Kyrkjemøtet og presten sin sjølvstende, gjeve av ordinasjonen?

- Biskopen forordnar gudstenester og soknerådet får mynde til å lage plan for lokalt gudstenesteliv
- Bispedømmerådet viser i dette svaret til erfaringar frå innføring av ny gudstenestereform. Stadeigengjering og bruk av medliturgar skapt liturgisk innsikt og stadeigne samtalar om liturgi og gudstenesteordningar som har ført til godt lokalt forankra grunnordningar. Det er viktig å halde oppe liturgisk engasjement og gi lokal medråderett til gudstenestelivet.
- Bispedømmet meiner at ansvaret for gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege tenester skal liggje til prosten slik som i dag. Ansvaret for å utvikle

nye liturgiar må framleis liggje til Kyrkjemøtet, medan prosten lyt ha ansvar for å godkjenne lokale grunnordningar innanfor rammene som kyrkjemøtet set fast og ha ansvar for at kyrkjelege tenester blir forretta etter og i respekt for gjeldande liturgiske ordningar.

#### SAMRØYSTES

23. Bør soknerådet si rolle i tilsetjingar av dei som arbeider i soknet bli tydeliggjort og nedfelt i kyrkjeordninga eller i anna kyrkjeleg regelverk?

- Ja. Soknerådet skal ha ein tydeleg posisjon ved tilsetjingar i eige sokn, uansett stillingskategori, anten som medlem i innstillingsråd, og/eller som medlem i tilsetjingsorganet. Soknerådet sin rolle i tilsetjingsaker lyt forankrast i eigne reglar.

#### SAMRØYSTES

24. Er det oppgåver i dag som blir gjort av fellesrådet som heller bør ligge til soknerådet? Og motsett: Oppgåver som i dag ligg til sokneråda som bør ligge hos prostifellesrådet?

- Når fellesrådet sin rolle blir redusert og endra, og mange oppgåver blir overført prostifellesrådet, er det viktig at soknet sin rolle blir tilsvarende styrka. Oppgåva som dagleg leiar i soknet (samarbeidande sokn) bør utviklast og utvidast til å passe ny kyrkjeleg organisering. Kanskje bør ein utvikle ein forankra tenesteinstruks for dagleg leiing i soknet? Soknet bør få tydelegare rolle i tilsetjingsaker, ein tydeleg definert økonomisk sjølvråderett og ansvar for å utvikle og implementere kyrkjelege planar og strategiar.
  - Ein naturleg konsekvens ved innføring av prostifellesråd er at det ikkje lenger blir val til fellesråd. Fellesrådstrukturen fell då som sjølvstendig forvaltningsnivå og samhandling med kommunale strukturar blir redusert å vidareføre rutinar knytt budsjett og planarbeid med kommunalt nivå.

#### SAMRØYSTES

## 7. Prostimøte

25. Er det tenleg å opprette eit årleg prostimøte?

[Ja, som et rådgjevande organ for prostifellesrådet innanfor m.a. strategi og satsingar i prostiet / Ja, som eit organ med formell avgjerdsrett som vedtek rammebudsjett, godkjenner årsmelding og rekneskap / Nei.

- Bispedømmerådet seier nei til å opprette eit årleg prostimøte som blir gitt formell avgjerdsrett, sjølv om prostimøtet berre er å forstå som rådgjevande organ.
- Grunnen til at rådet er skeptisk til å plassere formell makt hos prostirådet er at det er vanskeleg å føre samtalar og utvikle argumentasjon og auke innsikt for medlemene. Ein kan gjerne utvikle prostimøter/prostisamlingar/prostidagar som inspirasjonsdagar og som samlar folkevalde og tilsette til fellesskap og sams opplevingar, men å gi formell makt til eit organ med så avgrensa mandat og tid til å gjennomføring av møte verkar unødig.

#### VEDTATT MOT 2 STEMNER

## Del 3. Kyrkjeleg demokrati, val og samansetning

Trussamfunnslova sitt kapittel 3 har som føreål å legge til rette for at Den norske kyrkja forblir ei landsdekkande og demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje. Dette

er i samsvar med Den norske kyrkja si sjølvforståing, slik den er uttrykt av Kyrkjemøtet. Eitkvart medlem i Den norske kyrkja som fyller 15 år innan utgangen av valåret, har røysterett i kyrkjelege val. I denne delen er spørsmål knytta til kyrkjeleg demokrati, valordningar og samansetninga av kyrkjelege organ samla.

## 8. Soknerådet og prostifellesrådet

26. Utvalet har vurdert korleis prostifellesrådet bør veljast, og foreslår at prostifellesrådet blir valt av sokneråda. Er høyringsinstansen einig i dette? [Einig. Begrunn: / Ueinig. Begrunn: / Andre forslag (fritekst)]

- Bispedømmerrådet er samd i at val til prostifellesrådet skjer gjennom indirekte val i dei einskilde sokneråda.

8 STEMMER

- Bispedømmerrådet er samd i at val til prostifellesrådet skjer gjennom direkte val i dei einskilde sokna.

2 STEMMER

27. Utvalet foreslår ein representant frå kvart sokneråd i prostifellesrådet. Einig? [Einig / Ueinig. Viss ueinig, spesifiser endring]

- Bispedømmerrådet er samd i at dei sokneråd som er representert i prostifellesrådet har samme status, uavhengig av storleiken på soknet. Det er eit godt demokratisk prinsipp, som jamnstiller sokneråda, og som gir posisjon gjennom organet sin status og som ikkje hentar posisjonen sin frå folketall eller det ein kan kalle «kjøtvekta»
- Prinsippet om å gi same vekt til organ med same rettslege status gir dei minste sokna og utkantane samme posisjon i organet som store sokn. Det er få andre tiltak som betre vil sikre ei landsdekkande kyrkje.
  - Samstundes vil ei gjennomføring av prinsippet føre til ein del praktiske og administrative utfordringar. I Nordre Sunnmøre prosti er det 24 sokn, i Søre Sunnmøre prosti er det 20 sokn. Bispedømmerrådet ser at storleiken på eit prostiråd som er sett saman med ein representant frå kvart sokn, kan føre til for store råd. Likevel meiner bispedømmerrådet at prinsippet om lik representasjon er viktigare, og om dette prinsippet er trua, lyt ein heller vurdere prostistorleiken, eller vurdere om prostifellesrådsmodellen høver for å ta vare på soknet sin rettsstatus i kyrkja.

VEDTATT MOT 1 RØYST

28. Bør det vere kommunal representasjon i prostifellesrådet? [Ja, med full røysterett / Ja, med møte- og talerett / Nei / Eventuell fritekstkommentar]

- Det bør være kommunal representasjon i prostifellesrådet.
  - Bispedømmerrådet går inn for å gi kommunal representant full medlemsstatus i plan- og budsjettsaker, og møte- og talerett i alle andre saker. Ei slik sontring i medlemsstatus, vil ta på alvor at Den norske kyrkja er eit trudomssamfunn, likestilt med andre trudomssamfunn, slik ny livs- og trudomssamfunnslov slår fast. Kommunen bør ikkje kunne leggje føringar for kyrkja sin sjølvråderett i andre saker enn plan- og budsjettsaker.
  - Interkommunalt samarbeid har god tradisjon med å fordele representasjonsoppgåva mellom kommunane, der ein eller fleire representantar kan representere fleire kommunar.

- Det lyt likevel sikrast at årleg budsjettarbeid og samhandling med andre kommunale verksemdar i budsjettprosessar bør skje i ein til ein-relasjon med den einskilde kommunen.

#### VEDTATT MOT 2 STEMMER

29. Har høringsinstansen andre synspunkt på soknerådets og prostifellesrådets samansetning? [fritekst]

- Når rapporten frå Møller-Nilsen-utvalet drøftar dagleg leiing av prostifellesrådet, rører rapporten med korleis det andelege grunnlaget i kyrkjeleg organisering skal komme til uttrykk. (sjå spm. 11). I bispedømmerådet skjer dette ved at biskopen alltid må vere representert for at rådet skal kunne gjere vedtak. Analogt meiner bispedømmerådet at prosten alltid skal ha full medlemsstatus.

#### SAMRØYSTES

### 9. Bispedømmerådet

30. Kva samansetning av bispedømmerådet bør veljast?

[Alternativ 1: Kyrkjemøtemedlemmar valt frå bispedømet (som i dag) / Alternativ 2: Eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd / Alternativ 3: Kyrkjemøtemedlemmane valt frå bispedømet og eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd (utvalets anbefaling)]

- Alternativ 1, som i dag.
  - Fordelen med å vidareføre dagens ordning slik bispedømmerådet ser det, er at denne ordninga er den einaste som kan forsvare at ein fører vidare val til kyrkjemøtet som direkteval. Dersom bispedømmerådet skal setjast saman av både direkte valde medlemmer og indirekte valde medlemmer frå prostifellesråd, evt. saman med geistleg valde og arbeidstakarrepr. i rådet, vil talet på direktevalde medlemmer blir så lågt at det vanskeleg å forsvare eit direkteval ut frå både eit ressursperspektiv og eit økonomisk perspektiv.
  - Det er også uråd å tenkje seg at ein kan greie å vidareføre bispedømmerådsvalet og val til kyrkjemøte som listeval, der representasjon skjer gjennom kyrkjepolitiske vallister, om talet på medlemmer frå listene blir så lågt at ein kan setje spørsmål med listevalordninga sin relevans.
  - Ulempa med å gå inn for å vidareføre dagens ordning, er at prostifellesrådet ikkje vil bli representert med eigne kandidatar i bispedømmerådet. Det vil såleis føre til at organet som hentar sin legitimitet frå soknerådsvalet (direkteval 1), ikkje er representert i dei organ som hentar sin legitimitet frå kyrkjemøtevalet (direkteval 2)

#### VEDTATT MOT 2 RØYSTER

2 RØYSTER STEMTE FOR «Alternativ 3»

### 10. Kyrkjemøtet

31. Bør talet på Kyrkjemøte-medlemmar frå kvart bispedømme fastsetjast (vektast) relativt til medlemstal i bispedømet? [Ja / Nei / Grunngjeving i fritekst]

- Nei
- Hovudgrunngjevinga for å gå imot ein representasjonsmodell som baserer seg på relativ representasjon etter medlemstal, er at ein slik ordning vil føre til radikal sentralisering i kyrkja. Det er ikkje tvil om at kyrkja har regionale særtrekk i kultur, teologi, gudstenesteliv og at dei kyrkjepolitiske målsetjingane ser ulike

ut, alt etter kvar i landet ein bur. Skal kyrkja halde fast på målformuleringa om å vere ei kyrkje for heile landet og slik leve opp til dei politiske grunngevinga for å sær-handsame Den norske kyrkja, trur bispedømmerådet at ein representasjonsmodell med relativ representasjon etter medlemstalet i dei ulike bispedømma, på sikt vil føre til at kyrkja misser posisjonen sin som majoritetskyrkje og nasjonal medlemskyrkje.

- Vidare legg bispedømmerådet til grunn at organ som er gitt same mynde, også er likestilte. I spørsmål 27, om representasjon av sokna i prostifellesråd, går bispedømmerådet inn for at ein lyt halde fast på tanken om at like organ har same posisjon, sjølv om eine organet representerer færre/fleire medlemmer enn det andre.
- Ulik representasjon etter medlemstal vil også endre balansen i kyrkjemøtet og vil føre til at det blir endå meir utfordrande å gjennomføre val til kyrkjemøte som direkteval.

### SAMRØYSTES

32. Bør ordninga med val av prest til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritekst]

- Nei
- Fleire organisasjonar har utfordringar med å skape høveleg avstand mellom tilsette og tillitsvalde/medlemer, ved at organisasjonen ikkje har reglar som regulerer i kor stor grad ein tilsett kan representere organisasjonen i råd og utval. Det er mange kyrkjeleg tilsette som har stor innsikt og integritet i kyrkjelege saker. I tillegg vil mange kyrkjeleg tilsette, ikkje minst prestar, vere kjent og ha tiltru hos mange av veljarane ved kyrkjelege val. Ein ser fort at kyrkjeleg tilsette kan få profilerte plassar på dei ulike listene ved kyrkjeval, og det skal ikkje mykje til at det kan bli ein ubalanse mellom tilsette og valde i dei ulike råd og utval.
- Ved relativ representasjon i Kyrkjemøtet og dersom ein del av bispedømmerådet blir valt ved indirekte val, er bispedømmerådet er svært usikker på om det er forsvarleg å vidareføre val til kyrkjemøte og til bispedømmeråd som direkte val. Gjennomføring av direkte val er ei omfattande og dyr valordning. Det er viktig at ein vurderer gevinsten av ordninga med direkteval, i forhold til talet på kandidatar som skal veljast og i lys av oppgåvene som blir lagt til dei valde organa.

### SAMRØYSTES

33. Bør ordninga med val av lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritekst]

- Nei
- Samme argumentasjon som i spørsmålet over.

### FORSLAGET FALL MOT 2 RØYSTER

- Ja
- Presten i kyrkjemøtet og i kyrkjerådet representerer, på same måten som biskopen, det kyrkjelege embete. Denne argumentasjonen kan ikkje leggjast til grunn for eige val av lek tilsett.

### VEDTATT MOT 2 RØYSTER

34. Viss ordninga med val av prest og/eller lek kyrkjeleg tilsett blir avvikla, i kva grad bør prestar og leke kyrkjeleg tilsette vere valføre til Kyrkjemøtet? [Dei bør vere valføre som folkevalde, med unntak av tilsette på bispedømekontora og i Kyrkjerådet sitt sekretariat / Dei bør ikkje vere valbare / Anna, spesifiser].

- Dersom ordninga med særleg val av geistleg repr. og lek kyrkjeleg repr. fell bort, bør prestar og lek kyrkjeleg tilsette vere valføre til Kyrkjemøte. Sekretariatet i kyrkjerådet og ved bdr.ktr. bør då ikkje bli valde som medlem av kyrkjemøtet.

SAMRØYSTES

35. Andre merknader til Kyrkjemøtet si samansetning? [Fritekst]

- nei

SAMRØYSTES

## 11. Kyrkjerådet

36. Korleis bør Kyrkjerådet veljast hvis det er fleire lister i Kyrkjemøtet? [Fleirtallsval / Førhaldsval (listeval) / Avtaleval / Avtaleval viss gruppene blir samde. Viss ikkje: førhaldsval / Ei anna ordning. Forklar i fritekst].

- Bispedømmerådet går inn for å gjennomføre val til kyrkjemøtet som høvetalsval (listeval)

SAMRØYSTES

37. Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet blir avvikla? [1. Av leiar, 15 andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet (utvalet sitt forslag) / 2. Av leiar, elleve andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]

- Alternativ 3, av leiar, 1 medlem frå kvart bispedømme som ikkje har leiar og preses.

SAMRØYSTES

38. Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett ikkje blir avvikla? [1. Av leiar, elleve folkevalde medlemmar, fire prestar, ein lek kirkelig tilsett og preses i Bispemøtet (som i dag) / 2. Av leiar, elleve folkevalde medlemmar, ein prest, ein lek kyrkjeleg tilsett og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]

- Alternativ 3, av leiar, 1 medlem frå kvart bispedømme som ikkje har leiar, 3 prestar, 2 lek kyrkjeleg tilsette og preses.
  - Om ordning for val av lek tilsett blir avvikla, medan val av prest ikkje blir avvikla, tilnærma alt 2, av leiar, 10 folkevalde frå kvart bispedømme som ikkje har leiar, 4 prestar og preses i Bispemøte.

SAMRØYSTES

39. Kva alternativ for krav til balanse mellom kvinner og menn i Kyrkjerådet bør nyttast? [Krav om minst 40 prosent kvinner og menn i Kyrkjerådet etter valoppgjæret / Krav om minst 40 prosent kvinner og menn på vallista]

- Bispedømmerådet støttar kravet om minst 40% kvinner og menn i kyrkjerådet etter valoppgjæret.

SAMRØYSTES

## Del 4. Relasjon til kommunane og ny prostiinndeling

### 12. Om relasjon til kommunane

Dersom Kyrkjemøtet vedtek ei ordning med prostifellesråd;

40. Kva for nokre av tiltaka som er nemnt nedanfor er viktige for å halde ved lag ein god relasjon mellom kyrkje og kommune? (For kvart alternativ: Svar på ein skala frå 1-5, der 5 er veldig viktig, medan 1 er heilt uviktig)

- a. Vidareføre en ein til ein-relasjon mellom kommune og prostifellesrådet i samband med budsjettprosessar og anna samarbeid mellom kyrkje og kommunane, slik det i dag er det mellom kommunane og fellesrådet.
  - 5
- b. Skilje mellom driftsbudsjett og investeringsbudsjett, slik at kommunane kan vere sikre på at investeringar som kommunen gjer kjem kommunen til gode.
  - 5
- c. Styrkje kyrkja si rolle som aktør i samskaping for kommunane, ved å skape nye tilbod saman og samarbeide om eksisterande prosjekt.
  - 5
- d. Anna; spesifiser i fritekst.

SAMRØYSTES

### 13. Ein ny prostistruktur

41. I kva grad meiner de at utvalet har peika på dei relevante omsyna som det bør leggast vekt på ved fastsetting av nye prostigrenser. Svar på ein skala frå 1-5 der 5 er veldig relevant medan 1 er veldig irrelevant. Er det eventuelt andre omsyn som bør leggast vekt på?

- Bispedømmerådet vurderer dei relevante omsyna til 3 på ein skala frå 1-5.
- Ein naudsynt konsekvens ved innføring av prostifellesråd, er at prostistrukturen blir vurdert og at soknestorleik blir vurdert. Det er utfordrande at grunnleggjande, historiske og rettskraftige einingar i kyrkja lyt endrast for å passe inn i ein heilt ny forvaltningsmodell.
- Dess sterkare posisjon prostiet får ved ny kyrkjeleg organisering, dess viktigare er det at prostia har tilnærma eins storleik og samansetnad. Viktigare enn busetnadsmønster og arbeidsregionar, er at prostiet er stort nok og robust nok til å kunne forvalte oppgåvene som ny organisering legg til organet.
- Det er viktig å ta omsyn til talet på kyrkjebygg og gudstenestader og samferdsleutfordringar utfordringar.

SAMRØYSTES

42. I kva grad opplever de dagens prostigrenser som føremålstenlege for etablering av prostifellesråd? [Svært føremålstenlege / Nokså føremålstenlege / Verken eller / Nokså lite føremålstenlege / Svært lite føremålstenlege].

- Nokre er svært føremålstenlege, andre er svært lite føremålstenlege

SAMRØYSTES

43. Andre synspunkt på prostistrukturen, til dømes kva som er ein eigna storleik på eit nytt arbeidsgjevarorgan?

- Det er viktig at arbeidsgivarorganet dekker naturleg bu- og arbeidsmarknadsregion, og at faggruppene er store nok til å vere fleksible.

SAMRØYSTES

## 14. Samisk kirkeliv

44. Bør det veljast ein eigen samisk representant i prostifellesrådet i dei prostia som har minst eitt sokn som ligg i forvaltningsområdet for samisk språk? [Ja / Nei / Grunngjeving]

- Ja
  - Bispedømmerådet viser til plan for samisk kirkeliv

SAMRØYSTES

45. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på lokalt nivå? [fritekst]

46. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering med folkevalt organ på prostinivå? [fritekst]

- Representanten lyt vere busett i prostiet og bør veljast/oppnemnast av Samisk kyrkjeråd og bli gitt fulle medlemsrettar i prostifellesrådet.

SAMRØYSTES

47. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på nasjonalt nivå? [fritekst]

## 15. Andre innspel eller synspunkt

48. Viss de har andre innspel eller synspunkt til rapporten eller saka om kyrkjeleg organisering kan de skrive det her [fritekst]

### Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd gir høyringsuttale i sak om ny kyrkjeleg organisering slik det går fram av saksutgreiinga med dei endringar som blei vedtatt i møtehandsaminga.